
NOTAT 2011-18

Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder

HEIDI
KNUTSEN

TORBJØRN
HAUKÅS



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

NILF gjev ut ei rekkje publikasjonar

Kjem ut årleg:

- «Driftsgranskningar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

Resultat frå forskning og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettpublisering).

NILF gjev også ut:

- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

NILF er sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket som årleg gjev ut:

- «Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:
<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

NOTAT 2011 - 18

Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder

Heidi Knutsen

Torbjørn Haukås



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning

Serie	Notat
Redaktør	Agnar Hegrenes
Tittel	Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder
Forfatter	Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås
Prosjekt	Oppdatering av verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Aust-Agder og Vest-Agder (A917)
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2011
Antall sider	49
ISBN	978-82-7077-812-6
ISSN	0805-9691
Emneord	Verdiskaping, nettopprodukt, jordbruk, tilleggsnæring, sysselsetting, Aust-Agder, Vest-Agder, Agder-fylka

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres av Landbruks- og matdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Berekning av verdiskaping frå tradisjonelt jordbruk og anna næringsaktivitet med utgangspunkt i ressursar frå landbrukseigedom, tilleggsnæring, har gjeve nyttig informasjon til politikarar og andre med tilknytning til landbruket. NILF har gjennomført slike berekningar for ei rekke fylke. For Aust- og Vest-Agder vart verdiskapingsberekningar gjennomførte i 2008. Jordbruket er i stadig endring, og fleire ønskte derfor at det skulle gjennomførast ei oppdatering av desse berekningane for Aust-Agder og Vest-Agder. På oppdrag frå fylkesmannen og fylkeskommunen i dei to fylka har NILF i 2011 oppdatert verdiskapingsberekningane for Agder.

Prosjektet er gjennomført ved distriktskontoret i Bergen. Narve Brattenborg har gjort berekningar på grunnlag av produksjonstilskotsregisteret. Heidi Knutsen har vore prosjektleiar, og har saman med Torbjørn Haukås gjort berekningane basert på driftsgranskingane og skrive notatet. Agnar Hegrenes har, som alltid, vore ein god støtte-spelar og kome med nyttige innspel. Anne Bente Ellevold har klargjort notatet for publisering.

Vi takkar alle informantar som har gjeve oss opplysningar som er nytta i prosjektet. Alt ansvar for feil eller manglar kviler hos forfattarane. Ein takk også til oppdrags-gjevarane for eit interessant prosjekt. Vi håper at resultata vil vere til nytte i arbeidet med utvikling av landbruket i Agder.

Oslo, november 2011

Ivar Pettersen

Innhald

SAMANDRAG	1
1 INNLEIING	3
1.1 Utvikling i jordbruket i Agder frå 2006–2009	3
2 DEFINISJONAR, METODE OG DATAGRUNNLAG	5
2.1 Verdiskaping	5
2.2 Produksjonar som inngår i berekningane	5
2.3 Datagrunnlag	6
2.4 Metode for berekning av verdiskaping for driftsformene	8
2.4.1 Produksjonar	8
2.4.2 Produksjonar i modellen	10
3 RESULTAT: VERDISKAPING I JORDBRUKET	13
3.1 Verdiskaping for dei ulike produksjonane	15
3.1.1 Mjølkeproduksjon	16
3.1.2 Sauehald	18
3.1.3 Kjøttproduksjon, ammekyr	20
3.1.4 Svinehald	22
3.1.5 Fjørfe	23
3.1.6 Hagebruk inkl. veksthus, potet og kornproduksjon	24
3.1.7 Pelsdyr	26
3.1.8 Birøkt	27
3.2 Verdiskaping per innbyggjar	29
3.3 Sysselsetting i jordbruket	30
4 TILLEGGSNÆRING	33
4.1 Definisjon av tilleggsnæring	33
4.2 Tal jordbruksbedrifter med tilleggsnæring	33
4.3 Sysselsetting i tilleggsnæring	35
4.4 Verdiskaping i tilleggsnæring basert på driftsgranskingane	35
5 SKOGBRUK	37
5.1 Verdiskaping	37
5.2 Sysselsetting i skogbruket	40
6 RINGVERKNADER OG FELLESGODE	43
6.1 Ringverknader	43
6.2 Fellesgode	44
7 OPPSUMMERING	47
LITTERATUR	49

Samandrag

I 2008 berekna NILF verdiskaping frå jordbruk og tilleggsnæringar i Agder-fylka på bakgrunn av data frå 2006. Hovudmålet for dette prosjektet, som er gjennomført i 2011, har vore å oppdatere desse berekningane. Dei oppdaterte berekningane er basert på data frå 2009, som er det siste året ein har økonomiske data frå.

Det er i alt registrert 13 000 landbrukseigedomar i Agder. Talet på landbrukseigedomar endrar seg lite frå år til år, medan talet aktive bønder går ned. I 2006 var det 1 910 som søkte om produksjonstilskot i dei to fylka. Tre år seinare, i 2009, var talet søkjarar redusert med 19 i Aust-Agder og 22 i Vest-Agder. Totalt var det 1 869 som søkte tilskot i dei to fylka i 2009, 701 i Aust-Agder og 1 168 i Vest-Agder.

Frå 2006 til 2009 er jordbruksarealet gått ned med 0,4 prosent i Aust-Agder og 0,8 prosent i Vest-Agder. Totalt jordbruksareal i drift var 303 641 dekar i Agder-fylka i 2009. Gjennomsnittleg jordbruksareal per eining har auka frå 155,8 dekar til 159,4 dekar i Aust-Agder og frå 162,5 dekar til 164,3 dekar i Vest-Agder.

Det har vore nedgang i produksjonsomfang for dei fleste produksjonane i Agder. Eit unntak er bruk med ammeku og tal ammekyr, som har auka i begge fylka. Tal bruk med fjørfehald har gått ned i begge fylka, men produksjonsomfanget har auka i Aust-Agder.

I dette notatet er verdiskaping definert som nettoprodukt inkl. tilskot. Dette er det same uttrykket som vart nytta ved berekninga i 2008. Nettoproduktet er betaling for arbeidsinnsats og forrenting av investert kapital.

Den totale verdiskapinga for jordbruket i Agder er berekna til 358,7 mill. kr i 2009. Det er ein auke på 27 mill. kr frå 2006. For Aust-Agder har verdiskapinga auka med 7,4 mill. kr til 142,5 mill. kr, og for Vest-Agder med 19,6 mill. kr til 216,2 mill. kr.

Mjølkeproduksjon står for 46 prosent av verdiskapinga i Agder, med 163,7 mill. kr. Hagebruk bidreg med 21 prosent og sauehald med 14 prosent. Kraftfòrkrevjande produksjonar, svinehald, eggproduksjon og fjørfekjøt er små i Agder, og bidreg til saman berre med 8 prosent av verdiskapinga, det same som kjøtproduksjon på kjøtfe (ammeku). Sauehaldet er viktig for verdiskapinga i innlandskommunane, medan hagebruk er viktigast for kystkommunane i Aust-Agder, særleg i Grimstad.

I Aust-Agder er det hagebrukskommunen Grimstad som har størst verdiskaping frå jordbruket, med 56,7 mill. kr. Det er eit stort sprang ned til neste kommune, Arendal, med 19,1 mill. kr. Farsund er kommunen i Vest-Agder med størst verdiskaping, med 34,7 mill. kr. Deretter følgjer Kvinesdal med 19,8 mill. kr. Per innbyggjar er det Åseral (Vest-Agder) som har størst verdiskaping frå jordbruket, med kr 10 300 per innbyggjar.

I alt er det rekna at det er utført 1 618 årsverk à 1845 timar, eller om lag 3 mill. arbeidstimar, i jordbruket i Agder i 2009. Det er ein nedgang frå 2006 på 369 årsverk. Det er utført 996 årsverk i Vest-Agder og 622 i Aust-Agder.

Tilleggsnæring er viktig for landbruket i Agder. Verdiskaping frå tilleggsnæring er berekna til 70 mill. kr i Aust-Agder og 110 mill. kr i Vest-Agder i 2009. Foredling av skog, særleg vedproduksjon, gjev høgast verdiskaping blant tilleggsnæringane med 61,5 mill. kr.

Verdiskaping innan primærskogbruket er utrekna til 39,2 millionar kr for Aust-Agder og 27,2 millionar kr for Vest-Agder for 2009. Dersom vi hadde nytta gjennomsnitts avvirking over 3 år frå 2008 til 2010 og avvirkingskostnader i tråd med det, og elles nytta dei same parametrane som er med for 2009, ville verdiskapinga i primærskogbruket i Aust-Agder ville ha vore 52 millionar og i Vest-Agder 31 millionar kroner.

Samla sysselsetjing i primærskogbruket med bakgrunn i dei gjevne føresetnadene for 2009 vert 98 årsverk i Aust-Agder og 74 årsverk i Vest-Agder.

Det er ikkje gjort egne studiar av ringverknader i dette prosjektet. I andre studiar varierer sysselsettingsmultiplikatoren frå 1,6 til 2,5. Om ein nyttar dette intervallet for å rekne ut ringverknad for Agder, kjem ein fram til at ringverknadene vere i intervallet 496–1 239 årsverk for Aust-Agder og i intervallet 783–1 958 årsverk for Vest-Agder. Inntektsverknaden av landbruket i Aust-Agder vert i intervallet 201–428 mill. kroner og i Vest-Agder i intervallet 283-601 mill. kroner. Desse tala må sjåast på som usikre prognosar.

1 Innleiing

Det er i alt registrert 13 000 landbrukseigedomar i Agder. Det er busetting på om lag 8 000 av eigedomane. Talet på landbrukseigedomar endrar seg lite frå år til år, medan talet aktive bønder går ned. I 2006 var det 1 910 som søkte om produksjonstilskot i dei to fylka. Tre år seinare, i 2009, var talet søkjarar redusert med 19 i Aust-Agder og 22 i Vest-Agder. Totalt var det 1 869 som søkte tilskot i dei to fylka i 2009, 701 i Aust-Agder og 1 168 i Vest-Agder.

Tal frå NILF og SSB viser at det vert drive stadig meir tilleggsnæring i tillegg til tradisjonelt jordbruk. Saman med primærjordbruket er dette ei viktig kjelde til verdiskaping i Agder-fylka. I 2008 gjennomførte NILF berekningar av verdiskaping og sysselsetting i jordbruket og tilleggsnæringar i Agder, på bakgrunn av data frå 2006, som viste ei verdiskaping frå jordbruket på 332 mill. og frå tilleggsnæring på 65 mill. kr.¹

Dette notatet presenterer oppdaterte berekningar for verdiskaping for jordbruk og tilleggsnæring i Aust-Agder og Vest-Agder, på bakgrunn av data frå 2009.

1.1 Utvikling i jordbruket i Agder frå 2006–2009

Jordbruksarealet har gått ned med 0,4 prosent frå 2006 til 2009 i Aust-Agder og 0,8 prosent i Vest-Agder. Samstundes har talet som søker produksjonstilskot gått ned med 2,6 prosent i Aust-Agder og 0,8 prosent i Vest-Agder. Gjennomsnittleg jordbruksareal per eining har auka frå 155,8 dekar til 159,4 dekar i Aust-Agder og frå 162,5 dekar til 164,3 dekar i Vest-Agder.

Tal kyr er redusert med 607 (7,6 %), medan tal bruk med kyr er redusert med 20,8 prosent. prosentvis nedgang i tal bruk med kyr er om lag lik i dei to fylka, medan prosentvis nedgang i tal kyr er større i Vest-Agder enn i Aust-Agder. I gjennomsnitt er tal per bruk auka frå 14,8 til 17,9 i Aust-Agder og frå 14,8 til 17,0 i Vest-Agder. Både tal bruk med ammeku og tal ammekyr har auka i begge fylke.

Sauehaldet er redusert i begge fylke, men prosentvis nedgang har vore størst i Aust-Agder, der tal bruk med sauehald er redusert med 16 prosent og tal sauer er redusert med 12,7 prosent. I Vest-Agder er nedgangen høvesvis 11,3 prosent og 9,3 prosent. I Aust-Agder har tal sauer per eining auka frå 58,9 i 2006 til 61,2 i 2009 og i Vest-Agder frå 52,3 til 53,5 sauer per eining.

Tal bruk med fjørfe, både verpehøner og slaktekylling, er mykje redusert i Vest-Agder, medan det i Aust-Agder berre er eit bruk mindre i 2009 enn det var i 2006. Ved teljedato var det 125 prosent fleire slaktekylling og 13,5 prosent fleire verpehøner i Aust-Agder, medan det i Vest-Agder var ein nedgang i tal kyllingar på 31,1 prosent og i tal verpehøner på 12 prosent.

Det er fleire bruk som har avlspurker i 2009 enn i 2006 i begge fylka, men talet avlspurker er redusert. **Tabell 1.1** viser tal søkjarar og dyretal/areal i 2006 og 2009.

¹ Lyng, Haukås og Ommedal (2008).

Tabell 1.1 Endring i produksjonsomfang, 2006–2009

	Aust-Agder				Vest-Agder			
	2006		2009		2006		2009	
	Søkjarar	Einingar	Søkjarar	Einingar	Søkjarar	Einingar	Søkjarar	Einingar
Mjølkekyr	149	2 201	118	2 111	393	5 800	311	5 283
Ammekyr	92	883	106	1 107	197	1 927	200	2 266
Vinterføra sau	275	16 206	231	14 154	497	25 987	441	23 582
Slaktekylling	4	175 064	4	394 238	4	180 124	1	124 050
Verpehøner	39	66 137	38	75 061	73	74 204	57	65 295
Alspurker	14	436	19	351	21	1 290	28	1 142
Potet	74	2 657	58	2 490	63	722	54	981
Korn	120	12 416	93	11 062	108	8 738	91	8 078
Grønsaker på friland	42	1 688	37	1 642	19	429	19	214
Grovfôr	643	93 925	600	95 162	1 124	182 337	1 071	181 622
Frukt og bær	48	1 184	43	959	43	852	41	756
Honningproduksjon	-	-	48	4 560	-	-	43	3 352
Totalt tal søkjarar og areal	720	112 166	701	111 738	1 190	193 426	1 168	191 903

2 Definisjonar, metode og datagrunnlag

2.1 Verdiskaping

I nasjonalrekneskapen og i rekneskap med basis i nasjonalrekneskapen, nyttast brutto-produkt som uttrykk for verdiskaping. Bruttoprodukt er verdien av produserte varer og tenester minus vareinnsatsen. Kapitalslit (avskrivningar) er ikkje trekte frå. Produktstøtte, til dømes prisstøtte, er med i bruttoproduktet, men ikkje støtte som ikkje kan relaterast direkte til eit produkt. Sjå til dømes Statistisk sentralbyrå (2011) for ei forklaring av dei ulike omgrepa i nasjonalrekneskapen.

I jordbruket er det fleire støtteordningar som ikkje er avhengige av produsert mengde, til dømes husdyrtilskot, arealtilskot, kulturlandskapstilskot og investeringsstøtte. Slike tilskot vil ikkje verte rekna med i verdiskapinga i nasjonalrekneskapen. Dei er likevel viktige for inntektene i jordbruket og for inntektsverknaden i andre næringar. Det kan også argumenterast med at overføringane til jordbruket er betaling for produksjon av fellesgode, slik at ein kan sjå på omfanget av overføringane som eit mål på korleis samfunnet verdset produksjon av fellesgode reint økonomisk. I modellen for utrekning av verdiskaping i jordbruket har vi valt å ta med alle støtteordningane, og avviker derfor frå berekningane i nasjonalrekneskapen.

I dette notatet nyttar vi uttrykket nettoprodukt medrekna tilskot når vi omtalar verdiskaping. Nettoproduktet er betaling for arbeidsinnsats og forrenting av investert kapital. Tilsvarande uttrykk er nytta i for berekning av verdiskaping frå jordbruket for andre fylke og regionar og vart også nytta av Lyng et al. (2008) ved berekning av verdiskaping for Agderfylka i 2008.²

Inntektene er delte i to, marknadsinntekter og offentlege tilskot. Marknadsinntektene er inntekter frå sal av jordbruksprodukt, eksklusive pristilskot. Leigeinntekter for bruka av traktor og reiskap m.m. inngår i marknadsinntektene. Offentlege tilskot inkluderer alle tilskot, slik som areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot for husdyr, driftstilskot for mjølkeproduksjon, distrikts- og grunntilskot, avløyarsarrefusjon og diverse andre tilskot.

VERDISKAPING (FAKTORINNTEKT)

Sum inntekter, jordbruk
+ Familiens arbeid på nyanlegg
– Sum kostnader før avskrivningar, jordbruk
+ Kostnader til leigd hjelp
+ Kostnader til jordleige
= Bruttoprodukt inkl. tilskot
– Sum avskrivningar, jordbruk
= Nettoprodukt inkl. tilskot
= Faktorinntekt

2.2 Produksjonar som inngår i berekningane

Verdiskaping og sysselsetting i primærjordbruket er rekna på kommunenivå. I desse berekningane inngår tradisjonell produksjon av jord- og hagebruksvarer. I tillegg er det gjort berekningar for veksthusproduksjon, pelsdyr og birøkt³ på kommunenivå. For tilleggsnæring er berekningane gjort på fylkesnivå.

² Berekningane vart gjort på basis av data frå 2006.

³ I Lyng et al. (2008) vart berekningane for birøkt gjort på fylkesnivå.

Følgjande produksjonar er med i berekningane for primærjordbruket:

- mjølkeproduksjon, ku
- storfekjøl, ammekyr
- sauehald
- fjørfekjøl
- eggproduksjon
- svinehald
- kornproduksjon
- potetproduksjon
- produksjon av grønsaker
- produksjon av frukt og bær
- veksthusproduksjon
- pelsdyr
- birøkt.

2.3 Datagrunnlag

Utgangspunkt for berekningane er dyretal og arealtal for 2009. Dette er det siste året det føreligg økonomiske data for. I hovudsak er det nytta to datakjelder som bakgrunn for berekningane, Statens landbruksforvaltnings tilskotsdatabase og NILFs driftsgranskingar i jord- og skogbruk.

Statens landbruksforvaltning (SLF) har i sin tilskotsdatabase oversikt over alle jordbruksbedrifter som har mottatt produksjonstilskot. Tal frå denne databasen er nytta for å få tal for produksjonsomfang for dei ulike produksjonane i dei enkelte kommunane i 2009.

Tabell 2.1 Data frå tilskotsregisteret til SLF⁴

Produksjon	Grupper	Kodar SLF	Søknadsomgang
Mjølkekyr	< 15	120	091010
	≥ 15	120	091010
	samdriфт	120	091010
Ammekyr		121	091010
Sauer	< 75	133, 137, 138	080920
	≥ 75	133, 137, 138	080920
Purker		155, 158	091010
Verpehøner		160	091010
Kyllinger		186	091020
Poteter		230	091010
Grønsaker		264	091010
Korn		237-247	091010
Frukt og bær		271-274, 280-281	091010
Bikuber		194	091010

⁴ Søknadsomgang 080920 har søknadsfrist per 20.1.2009 med utbetaling i juni 2009, 091010 har søknadsfrist per 20.8.2009 og utbetaling i februar 2010, 091020 har søknadsfrist per 20.1.2010 med utbetaling juni 2010.

Det er ikkje alle bruk som mottek produksjonstilskot. Det er rimeleg å rekne med at dei jordbruksbedriftene som ikkje søker, eller ikkje oppnår tilskot, er svært små i økonomisk omfang, og at også arbeidsinnsatsen på desse bruka er låg. Det kan også vere bruk som ikkje har krav på tilskot.

I 2006 var det 758 jordbruksbedrifter i Aust-Agder og 1 240 i Vest-Agder. I 2009 var talet bedrifter redusert til 725 i Aust-Agder og 1200 i Vest-Agder (SSB 2011b). Det er ein nedgang på høvesvis 4,4 prosent og 3,2 prosent. Talet søkarar av produksjonstilskot er noko lågare enn talet jordbruksbedrifter. Det var 720 frå Aust-Agder og 1 190 frå Vest-Agder som søkte om produksjonstilskot i 2006 og 701 frå Aust-Agder og 1 168 frå Vest-Agder i 2009 (SLF 2011). Talet søkarar av tilskot har gått ned med høvesvis 2,6 prosent og 1,8 prosent i perioden. Nedgangen i bruk som søker produksjonstilskot har altså vore noko lågare enn nedgangen i talet på jordbruksbedrifter, slik at i 2009 er 97,1 prosent av jordbruksbedriftene i Agder registrert i produksjonstilskotdatabasen og med i datagrunnlaget for utrekning av verdiskaping for fylka. I 2009, men ikkje i 2006, vart det tilskot til bikubar. Dette kan ha påverka nedgangen i tal søkarar.

Det økonomiske datagrunnlaget er i hovudsak henta frå NILF sine driftsgranskingar i jord- og skogbruk for rekneskapsåret 2009. Gjennomsnittstal for ulike driftsformer er lagt inn i modellen for å kunne berekne verdiskaping for kvar driftsform. Driftsgranskingane dekkjer berre jordbruksbedrifter som er yrkesmessig drivne, og som har eit standard dekningsbidrag på meir enn 8 ESU.⁵ Derfor vert gjennomsnittleg bruksstorleik noko større i driftsgranskingane enn kva som er realiteten. Ved å ta utgangspunkt i det dyretalet og dei areala det er søkt om produksjonstilskot til, vert dei minste bruka slegne saman i den næraste storleiksgruppa innan kvar driftsform. Til dømes er det mange bruk i Agder som har små buskpar med 20–40 sau. Desse inngår i gruppa sau mindre enn 75 vinterföra sau i modellen.

I Agder er det vanleg med fleire driftsgreiner på same bruket, som mjølk- og sauehald, hagebruk eller kornproduksjon kombinert med husdyrhald, eller andre kombinasjonar. I ein modell er det ikkje mogleg å ta omsyn til alle moglege kombinasjonar. Det er derfor i større grad nytta økonomiske data frå einseitig produksjon enn det ein finn i praksis. I tillegg til at modellen set nokre grenser for stor kompleksitet ein kan leggje inn, må ein også tilpasse økonomiske data til dei driftsformene ein finn i driftsgranskingane.

Tal bruk som utgjer grunnlaget for dei økonomiske berekningane i modellen, er lågare enn det faktiske talet på bruk. Likevel er tal husdyr og areal av salsavling dei same som SLF har utbetalt tilskot til.


Det er for få bruk frå Agder med i driftsgranskingane til at ein kan basere dei økonomiske data berre på desse bruka. Datagrunnlaget er derfor supplert med data frå andre regionar med om lag same driftstilhøve som ein finn i Agder. Der det har vore nødvendig å supplere med data frå bruk i andre regionar som har andre satsar for tilskot o.l., er det korrigert for dette.

Deltaking i driftsgranskingane er frivillig. Kvart år vert om lag 10 prosent av bruka skifta ut. Sjølv om ein erstattar bruk som går ut av granskinga med andre bruk med om lag same produksjon og storleik, vil ein ikkje finne heilt identiske grupper av bruk på to ulike målepunkt. Så langt det har vore mogleg, har ein i berekning av verdiskaping for 2009 forsøkt å finne samanliknbare grupper med dei som vart nytta ved berekningane i 2006, men nokre skilnader vil det likevel vere. Dei ulike gruppene er nærare omtalte i kapittel 2.4

⁵ 8 ESU (europeiske storleikseiningar) svarar til 70 000–80 000 kr.

At tal bruk i modellen er lågare enn det faktiske talet bruk, gjer at tilskot som er heilt eller delvis uavhengige av produksjon, vert lågare enn det som faktisk er utbetalt. Dette gjeld til dømes driftstilskot til mjølkeproduksjon. Samstundes vert sum botnfrådrag også lågare.. For sum tilskot som kan samanliknast direkte med kva som er utbetalt frå SLF, areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot til husdyr, driftstillegg (mjølk og ammeku) og botnfrådrag, var berekna tilskot i modellen 1 prosent for høgt, men det var stor skilnad i avvik mellom dei ulike tilskota. I den endelege berekninga er derfor desse tilskota justert etter dei faktiske utbetalingane i 2009.

Økonomien i jordbruket varierer frå år til år. 2006 var eit relativt dårleg år, samanlikna med dei andre åra i femårsperioden 2005–2009. Figur 2.1 viser driftsoverskot i gjennomsnitt per bruk for regionen Agder og Rogaland andre bygder. Tala er ikkje inflasjonsjusterte. I løpande prisar var driftsoverskotet kr 100 300 høgare i 2009 enn i 2006 for bruka frå denne regionen. Det økonomiske datagrunnlaget som er henta frå driftsgranskningane, viser resultatane frå det aktuelle året. Dette må ein ta omsyn til ved samanlikning av samla verdiskaping frå jordbruket for desse to åra.



Figur 2.1 Driftsoverskot i jordbruket 2005–2009. Agder og Rogaland andre bygder

Pelsdyr og veksthusproduksjon inngår ikkje i alle berekningane i modellen. For desse produksjonane er nettoproduktet berekna særskilt. Ein del av tala som vert presenterte i dette notatet, er derfor for jordbruk utanom pelsdyr og veksthus.

2.4 Metode for berekning av verdiskaping for driftsformene

2.4.1 Produksjonar

Mjølkeproduksjon

Mjølkeproduksjonsbruka er delte inn i tre grupper, enkeltbruk med mindre enn 15 årskyr, enkeltbruk med produksjon større eller lik 15 årskyr og samdrifter. For dei to gruppene med enkeltbruk, er det nytta tal frå bruk i Telemark, Agder og Rogaland (utanom Jæren). Alle bruka ligg i same sone for tilskot til mjølk (sone 3), kjøt (sone 2) og areal (sone 5). For samdriftene er det nytta tal frå bruk i Sør-Noreg. Alle desse bruka

ligg i arealsone 5. Tala er korrigererte for ulik kjøt- og mjølkesone. Alle data er frå driftsgranskingane til NILF.

Kjøtproduksjon på ammekyr

Økonomidata er henta frå driftsgranskingane til NILF for heile landet, med unnatak av Nord-Noreg, flatbygdene og Jæren, og det er brukt berre ei storleiksgruppe. Nokre av ammekyrne finn vi på mjølkebruk, men fordi det er få ammekyr med i driftsgranskingsmaterialet for mjølkeproduksjon, har vi valt å ta utgangspunkt i at alt hald av ammekyr er spesialisert. Data er korrigerert for ulik kjøt- og arealsone.

Sauehald

Bruk med sauehald er delt i to storleiksgrupper, mindre enn 75 vinterfôra sauer (vfs) og større eller lik 75 vfs. Økonomidata for dei to gruppene er landstal frå Sør-Noreg. Alle bruka i gruppene ligg i kjøtsone 2 og arealsone 5. Alle data er frå driftsgranskingane.

Fjørfekjøt

For produksjon av fjørfekjøt har vi nytta tal frå driftsgranskingane til NILF for områda på Aust- og Sørlandet.

Svinehald med korn

Økonomidata for svinehald er henta frå driftsgranskingane til NILF for Sør-, Aust- og Vestlandet. Det er korrigerert for ulike soner. For korrigeringar av kornproduksjonen, sjå einssidig kornproduksjon.

Eggproduksjon med korn

Økonomidata for produksjon av egg er henta frå driftsgranskingane til NILF for Sør- og Austlandet. Det er korrigerert for ulike soner. For korrigeringar av kornproduksjonen, sjå einssidig kornproduksjon.

Potet- og kornproduksjon

Økonomidata for potetproduksjon er henta frå driftsgranskingane til NILF for Aust- og Sørlandet. Data er korrigerert for kornslag, avlingsnivå, prisar og tilskot, tilsvarande produksjonstilhøva i Agder.

Einsidig kornproduksjon

Økonomidata er henta frå NILFs driftsgranskingar for Aust-/ Sørlandet og Trøndelag. Data er korrigerert for kornslag, avlingsnivå, prisar og tilskot, tilsvarande produksjonstilhøva i Agder. Årsaka til desse korrigeringane er at det vert dyrka mindre bygg og meir kveite og havre på Austlandet. Avlingsnivået er også høgare på Austlandet, medan arealtilskotet er lågare enn i Agder.

Kombinertproduksjon grønsaker og potet

For dei kombinerte grønsaksbruka har vi henta økonomital frå driftsgranskingane for Aust- og Sørlandet. Det er nytta eigen gruppe for grønsaksproduksjon i Grimstad.

Veksthusproduksjon

Veksthusarealet er gått gjennom av fylkesgartner Halvdan Jakobsen, Fylkesmannen i Vest-Agder. God lokalkunnskap gjer at arealet er nokså korrekt. Økonomidata er henta frå kalkyler kvalitetssikra av Veksthusringen.

Frukt- og bærproduksjon

Økonomidata for frukt- og bærproduksjon er henta frå driftsgranskingane for Sør- og Vestlandet.

Pelsdyr

Omsetningstal er henta frå Oslo skinnauksjon. Økonomidata er henta frå kalkylar og frå bruk i driftsgranskingane. Vi gjer merksam på at omsetning utanom Oslo skinnauksjon ikkje er med i berekningane. Dette gjeld dersom skinna til dømes er omsett gjennom Copenhagen Fur.

Birøkt

Økonomitala er henta frå spesialundersøking om birøkt som vart gjennomført i 2008.

2.4.2 Produksjonar i modellen

Tabell 2.2 viser tal dyr og areal frå SLF som er lagt inn i modellen (SLF) og dyretal og areal i modellen.

Tabell 2.2 Tal bruk og dyr/areal, SLF og modell


	Tal dyr/areal SLF	Tal søkjarar SLF	Tal dyr/areal per søkjar SLF	Tal dyr/areal i modell	Tal bruk modell	Hovudproduksjon modell	Sideproduksjonar modell	Merknad
Mjølkekyr								
<15 kyr				1 935	173	11,2 årskyr		
>15 kyr				3 888	168	23,1 årskyr		
samdrift				1 571	44	35,5 årskyr	4 dekar korn	
<i>Sum</i>	7 394	429	17,2	7 394	385			
Ammekyr	3 373	306	11,0	3 009	173	17,4 ammekyr		Diff. er inkl i andre produksjoner
Sauehald								
<75				16 883	285	59,2 vfs		
>75				20 853	158	131,6 vfs		
<i>Sum</i>	37 736	672	56	37 736	444			
Fjorfekjøtt	518 288	5	103 658	518 288	7	75 433 slaktekyllingar	119 dekar korn	
Verpehøner	140 356	95	1 477	124 550	22	5790 verpehøner,	123 dekar korn	15 806 høner er inkl. i hagebruk, Grimstad
Purker	1 493	47	32	1 493	37	40,5 purker,	125 dekar korn	
Frukt og bær	1 715	84	20	1 072	22	48 dekar frukt/bær		Diff inkl i hagebruk Grimstad
Grønsaker								
Blandet prod, Grimstad				3 792	19	109 dekar poteter, 63 dekar grønnsaker, 27 dekar frukt/bær	75 dekar korn, 833 høner	Areal er inkl potet og frukt/bær
Blandet prod andre				637	16	40 dekar grønnsaker og potet	36 dekar korn 6,7 ammekyr	Areal er inkl potet
<i>Sum</i>	1 856	56	33	4 429	35			
Poteter	3 471	112	31	1 538	38	Diff. er inkl i andre produksjonar		Diff. er inkl i andre produksjoner
Korn	19 140	184	104	9 761	40	243 dekar korn		Diff. er inkl i andre produksjoner
Birøkt	7 912	91	87	7 912	51	154 bifolk		
Sum bruk i modellen					1 254			

3 Resultat: Verdiskaping i jordbruket

Den totale verdiskapinga for jordbruket i Agder er berekna til 358,7 mill. kr i 2009. Det er ein auke på 27 mill. kr frå 2006. For Aust-Agder har verdiskapinga auka med 7,4 mill. kr til 142,5 mill. kr, og for Vest-Agder med 19,6 mill. kr til 216,2 mill. kr. Størst verdi-skaping var det i Grimstad med 56,6 mill. kr og Farsund med 34,7 mill. kr. Figur 3.1 viser geografisk fordeling av verdiskapinga i dei ulike kommunane.


Produksjonsinntektene frå jordbruksproduksjon utanom veksthus og pelsdyr⁶ utgjorde 977,8 mill. kr i 2009, det er ca. 83 mill. kr meir enn samanliknbare postar frå 2006. Av produksjonsinntektene utgjorde marknadsinntekter i 2009 648,7 mill. kr og offentlege tilskot 329,1 mill. kr. Kostnadene utanom veksthus og pelsdyr var i 2009 746,1 mill. kr, ein auke på 43 mill. kr frå 2006.

Arbeidsforbruket i jordbruket gjekk ned med 369 årsverk frå 2006 til 2009, og var på 1 618 årsverk. Det utgjer eit arbeidsforbruk på 3 mill. timar.



Figur 3.1 Verdiskaping i jordbruk i Agder, geografisk fordeling


⁶ Pelsdyr og veksthus inngår ikkje i produksjonsinntekter og kostnader i modellen i 2009.



Figur 3.2 Verdiskaping (nettoprodukt) i Agder 2009, mill. kr

3.1 Verdiskaping for dei ulike produksjonane

Mjølkeproduksjon står for 46 prosent av verdiskapinga i Agder. Hagebruk bidreg med 21 prosent og sauehald med 14 prosent. Kraftfòrkrevjande produksjonar, svinehald, eggproduksjon og fjørfekjøtt er små i Agder, og bidreg til saman berre med 8 prosent av verdiskapinga, det same som kjøttproduksjon på kjøtfe (ammeku). Sauehaldet er viktig for verdiskapinga i innlandskommunane, medan hagebruk er viktigast for kystkommunane i Aust-Agder, særleg i Grimstad.




Figur 3.3 Verdiskaping i jordbruket fordelt på driftsformer

3.1.1 Mjølkeproduksjon


Verdiskapinga frå mjølkeproduksjon var på 163,7 mill. kr i 2009, 46,8 mill. kr i Aust-Agder og 116,9 mill. kr i Vest-Agder. Totalt har verdiskapinga frå mjølkeproduksjon auka med om lag 19 mill. kr frå 2006.

I alt var det 7 394 mjølkekyr fordelt på 429 einingar i Agder i 2009. Farsund er den kommunen som hadde størst verdiskaping frå mjølkeproduksjon med 19 mill. kr. Kommunane Marnardal, Lindesnes, Kvinesdal har alle verdiskaping frå mjølkeproduksjon på om lag 10 mill. kr. Det same har Arendal, som er den kommunen i Aust-Agder som har høgast verdiskaping frå mjølkeproduksjon. Det er ingen mjølkeproduksjon i Vegårshei.

Marknadsinntektene i mjølkeproduksjonen utgjorde 305 mill. kr og offentlege tilskot 154 mill. kr. Det vart lagt ned 662 årsverk, tilsvarande 1,2 mill. timar i 2009.



Figur 3.4 Verdiskaping i mjølkeproduksjonen, geografisk fordeling, mill. kr




Figur 3.5 Verdiskaping i mjølkeproduksjon etter kommune, mill. kr


3.1.2 Sauehald

Verdiskapinga frå sauehald auka med 6. mill. kr frå 2006, til 51,8 mill. kr i 2009, 19,4 mill. kr frå Aust-Agder og 32,4 mill. kr frå Vest-Agder. Sauehald er den einaste av driftsgreinene der marknadsinntektene er lågare enn offentlege tilskot. I 2009 utgjorde marknadsinntektene frå sauehaldet 60,2 mill. kr og offentlege tilskot 90 mill. kr. Totalt var det registrert 37 736 vinterføra sauer fordelt på 672 einingar i Agder i 2009.

Kvinesdal og Sirdal var dei to kommunane med høgast verdiskaping frå sauehald med høvesvis 5,8 og 5,1 mill. kr.




Figur 3.6 Verdiskaping i sauehaldet, geografisk fordeling




Figur 3.7 Verdiskaping i sauehaldet etter kommune, 1 000 kr

3.1.3 Kjøttproduksjon, ammekyr

Tal ammekyr har auka med 563 frå 2006 til 2009, og tal produsentar med 17, slik at det totalt var 306 produsentar og 3 373 ammekyr i 2009. Samla verdiskaping har auka frå 25 mill. kr i 2006 til 29,5 mill. kr i 2009. Marknadsinntektene utgjorde 64 mill. kr og offentlege tilskot 52 mill. kr.




Figur 3.8 Verdiskaping frå kjøttproduksjon med ammekyr, geografisk fordeling




Figur 3.9 Verdiskaping frå produksjon av storfekjøtt med ammeku, 1 000 kr

3.1.4 Svinehald

Det er lite svineproduksjon i Agder, og talet avlspurker er noko redusert frå 2006. Ved teljedato 31.7 2009 var det registrert 1 493 purker fordelt på 47 einingar. Svinehald vert ofte drive i kombinasjon med anna produksjon, i Agder til dømes i kombinasjon med potet og grønsaker. I modellen er det nytta data frå bruk som driv svinehald i kombinasjon med kornproduksjon. Verdiskaping frå svinehald er rekna til 16,8 mill. kr i 2009. Marknadsinntektene utgjorde 71 mill. kr og offentlege tilskot knappe 7 mill. kr.



Figur 3.10 Verdiskaping frå svinehald, geografisk fordeling, 1 000 kr




Figur 3.11 Verdiskaping frå svinehald, 1 000 kr

3.1.5 Fjørfe

Eggproduksjon

Det var like mange høner i Agder ved teljedato i 2009 som i 2006, 140 000, men talet har auka med 9 000 i Aust-Agder, og er redusert tilsvarende i Vest-Agder. Samla verdiskaping er redusert med om lag 1 mill. kr til 8. mill. kr, men for Grimstad er ein del av produksjonen rekna inn saman med hagebruksproduksjonen. Marknadsinntektene utgjer 32 mill. kr og offentlege tilskot 3 mill. kr. Arbeidsinnsatsen utgjorde 21 årsverk.



Figur 3.12 Verdiskaping frå eggproduksjon, 1 000 kr


Fjørfekjøt

Det er svært lite fjørfekjøtproduksjon i Agder. I alt har 5 produsentar søkt om tilskot til slaktekylling, og det er registrert 518 000 slaktekyllingar. Total verdiskaping utgjer 1,7 mill. kr, delt på kommunane Arendal (kr 722 800), Grimstad (kr 363 100), Froland (kr 205 500) og Farsund (kr 406 400).

3.1.6 Hagebruk inkl. veksthus, potet og kornproduksjon

Verdiskapinga frå hagebruket er redusert med 9 mill. kr frå 2006, men bruka som inngår i denne gruppa, hadde noko mindre husdyrproduksjon i 2009. Samla verdiskaping frå hagebruksproduksjon vart rekna til 77 mill. kr. Marknadsinntektene utgjorde 89 mill. kr og offentlig tilskot knappe 20 mill. kr. Hagebruksproduksjon er arbeidskrevjande, og total sysselsetting i hagebruket var på 284 årsverk, tilsvarande 524 300 timar i 2009.

Grimstad er en viktig hagebrukskommune, og har aleine omlag 41 mill. kr i verdiskaping frå hagebruket.




Figur 3.13 Verdiskaping frå hagebruk, geografisk fordeling, 1 000 kr

Veksthus

Veksthusnæringa er stor i delar av Agder. Dei siste åra har vore vanskelege for mange produksjonar mellom anna på grunn av sterk konkurranse frå import. Verdiskapinga er dobbelt så stor i Aust-Agder som i Vest-Agder. Til saman er verdiskapinga i veksthusnæringa på 33 mill. kroner, ein nedgang på 2 mill. kr frå 2006. Næringa sysselset 120 årsverk, ein nedgang på 13 årsverk frå førre undersøking. Veksthusnæringa i Agder har potteplanter som hovudproduksjon, deretter sommarblomar og snittplanter. Det er også noko produksjon av veksthusgrønsaker, men ikkje på langt nær så omfattande som produksjon av blomar.

Grimstad kommune står for 52 prosent av samla verdiskaping i veksthus i Agder.




Figur 3.14 Verdiskaping frå hagebruk⁷, 1 000 kr

⁷ Hagebruk omfattar grønnsaker, frukt og bær, poteter og ein-sidig kornproduksjon

3.1.7 Pelsdyr

Produksjon av skinn frå pelsdyr er avhengig av tilhøva på verdsmarknaden, og har svinga mykje dei siste tiåra. I periodar, som først på 80-talet, var pelsdyr eit satsingsområde, og mange nye starta opp. Etter nokre år kom krakket, og mange fall frå. Slik har det også vore seinare, med gode og dårlege periodar for næringa. Undersøkinga for 2006 viste resultat frå ein svak periode for pelsdyrnæringa med låge prisar spesielt på blårevskinn. I tillegg har det vore sterke åtak på næringa frå dyrevernhald. Trass i dette er det ein del produsentar som driv aktivt. Blårevproduksjonen har gått med tap gjennom fleire år, medan det har vore noko betre for sølvrev og mink.


Det aller meste av skinnproduksjonen i dei to fylka går gjennom Oslo skinnauksjon, og for sesongen 2009/2010 vart det omsett skinn for 4,8 mill. kr i Agder-fylka. Dette er fordelt på 2 mill. kroner i Aust-Agder og 2,8 mill. kroner i Vest-Agder. Verdiskapinga av pelsdyrnæringa i dei to Agder-fylka er utrekna til 3,8 mill. kr, fordelt på 0,9 mill. i Aust-Agder og 2,9 mill. i Vest-Agder. Av kommunane er det Marnardal som merkjer seg ut med 60 prosent av verdiskapinga for pelsdyr i Agder. Elles finn ein noko produksjon i nokre andre kommunar, men omfanget er lite. Sysselsetjinga i næringa er rekna ut til 7 årsverk totalt for begge fylka. Av desse er 4 i Aust-Agder og 3 i Vest-Agder.




Figur 3.15 Verdiskaping frå pelsdyrhald, 1 000 kr

3.1.8 Birøkt

I 2006 vart verdiskaping frå birøkt berre rekna på fylkesnivå. For 2009 er tal bikubar det vert søkt tilskot til, nytta som utgangspunkt får å berekne verdiskaping på kommune-nivå. I alt er verdiskapinga rekna til 6,4 mill. kr. Det er om lag 1 mill. kr meir enn i 2006. Verdiskapinga frå birøkt er størst i Aust-Agder med 3,7 mill. kr.




Figur 3.16 Verdiskaping i birøkt, geografisk fordeling, 1000 kr



Figur 3.17 Verdiskaping frå birøkt, 1 000 kr

3.2 Verdiskaping per innbyggjar

Verdiskaping, rekna som nettoprodukt per innbyggjar er størst i Åseral med kr 10 300 per innbyggjar, deretter kjem Hægebostad (kr 8 500), Sirdal (kr 7 200), Marnadal (kr 6 900) og Audnedal (kr 6 800). Lågast verdiskaping per innbyggjar har bykommunane Kristiansand (kr 74), Arendal (kr 462) og Risør (kr 476).




Figur 3.18 Verdiskaping per innbyggjar, geografisk fordeling


3.3 Sysselsetting i jordbruket

I alt er det rekna at det er utført 1 618 årsverk à 1845 timar, eller om lag 3 mill. arbeidstimar, i jordbruket i Agder i 2009. Det er ein nedgang frå 2006 på 369 årsverk. Det er utført 996 årsverk i Vest-Agder og 622 i Aust-Agder.

Hagebruksproduksjon er arbeidskrevjande, og det er Grimstad som har størst arbeidsinnsats i jordbruket i 2009 med 189 årsverk. I Vest-Agder er det Farsund som har flest arbeidstimar med 156. Deretter kjem Kvinesdal med 105 årsverk.



Figur 3.19 Årsverk i jordbruket, geografisk fordeling



Figur 3.20 Tal årsverk i jordbruket i kommunane i Agder

Det vart lagt ned flest arbeidstimar i mjølkeproduksjon med 662 årsverk og sauehald med 407 årsverk. Også hagebruket bidreg vesentleg til sysselsetjinga i jordbruket, med 284 årsverk. Tabell 3.1 viser tal årsverk for dei ulike driftsgreinene.

Tabell 3.1 Arbeidsinnsats for ulike driftsgreiner, årsverk

	Aust-Agder	Vest-Agder	Sum
Melkeproduksjon	191	471	662
Ammekyr	49	107	156
Sauehald	149	258	407
Svinehald	11	34	45
Fjørfe	14	11	26
Hagebruk	185	99	284
Pelsdyr	4	3	7
Birøkt	18	13	31
Sum	622	996	1 618

4 Tilleggsnæring

4.1 Definisjon av tilleggsnæring

«Tilleggsnæring vert definert som næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, med basis i ressursane på bruket. Det gjeld innsats av areal, bygningar, maskinar etc., men inkluderer ikkje personressursar eller kompetanse.» Dette er definisjonen av tilleggsnæring i driftsgranskingane til NILF.

Likevel vert ikkje alle bruk med slik produksjon rekna som bruk med tilleggsnæring i mange analysar i driftsgranskingane. Skilnad eit deltakarbruk bli definert som eit bruk med tilleggsnæring, må aktiviteten ha ein omsetning på minst kr 20 000. All aktivitet på tilleggsnæring vert registrert, også på dei bruka som har mindre omsetning enn kr 20 000 på tilleggsnæring. All registrert tilleggsnæring i driftsgranskingane inngår som grunnlag for utrekningane med omsyn til verdiskaping.

SSB definerer tilleggsnæring på nokolunde same måte, men dei inkluderer også birøkt, og utleige av jord til jordbruksføremål, noko som driftsgranskingane definerer som jordbruk.

4.2 Tal jordbruksbedrifter med tilleggsnæring

For å finne tal bruk som driv med tilleggsnæring i Aust- og Vest-Agder, kan vi nytte tal frå landbruksteljinga for 2010⁸ som er nærmast det måletidspunktet vi har nytta i dette prosjektet. Det må presiserast at tal bruk med tilleggsnæring vil her vere med utgangspunkt i definisjonen til SSB. Tala viser at Aust-Agder har 728 jordbruksbedrifter der 69 prosent av desse har ei tilleggsnæring, noko som vil seie 499 bruk. Vest-Agder har 1 189 jordbruksbedrifter. Av desse har 57 prosent tilleggsnæring, noko som tilsvarende 674 bruk. Gjennomsnittet for Agder-fylka er 61 prosent. Landsgjennomsnittet i landbruksteljinga for 2010 var at 57 prosent av bruka hadde tilleggsnæring.

SLF opererer med tal bruk som det vert gitt tilskot til. I 2009 viste deira oversikt at Aust-Agder hadde 720 jordbruksbedrifter, medan Vest-Agder hadde 1 190 jordbruksbedrifter. SLF seier ikkje noko om kor mange av desse som driv med tilleggsnæring. Talet på jordbruksbedrifter er nokså samsvarande mellom SSB og SLF for Agder-fylka.


I driftsgranskingane trekkjer ein ut eit tilfeldig representativt utval av jordbruksbedriftene over ein viss storleik. I 2009 besto driftsgranskingane av 848 bruk på landsbasis, av desse hadde 455 registrert tilleggsnæring, eller 54 prosent av bruka. For Agder-fylka er det til saman registrert 52 bruk i driftsgranskingane og 33 av desse har tilleggsnæring med omsetning over kr 20 000. Det er 25 bruk i Aust-Agder, og 16 av desse har tilleggsnæring (64 %). I Vest-Agder er det 27 bruk med i driftsgranskingane, 17 av desse har tilleggsnæring (63 %). Dette er godt over landsgjennomsnittet, og ein noko høgare prosentdel enn data frå SSB viser. Noko av forklaringa på skilnadene mellom SSB og driftsgranskingane er at driftsgranskingane er eit utval av bruk med standard dekningsbidrag over 8 ESU. Noko skuldast ulik definisjon på tilleggsnæring og noko skuldast metodeskilnad.

Figur 4.1 tek utgangspunkt i registreringane til SSB, og viser tal jordbruksbedrifter i Aust- og Vest-Agder som driv med ulike tilleggsnæringar. Jordbruksbedrifter som driv

⁸ <http://www.ssb.no/landt/tab-2011-07-04-05.html>

med fleire ulike tilleggsnæringar, er her registrerte fleire plassar, noko som gjer at tal tilleggsnæringar i figuren verte høgare enn tal bruk som er registrert med tilleggsnæring.

I begge fylka er leigekjøring ein stor aktivitet. I Aust-Agder er det 223 jordbruksbedrifter som driv med ei eller annan form for leigekjøring, tilsvarende tal for Vest-Agder er 274 bruk. Samanlikna med 2005 er det nedgang i aktiviteten med leigekjøring både i Aust- og Vest-Agder. For begge Agder-fylka er foredling av eige skogvirke, som til dømes sal av ved, ei viktig tilleggsnæring for mange bønder. Vi ser at omfanget av foredling av skog har auka kraftig frå undersøkinga i 2005 i begge fylke. Utleige av jakt- og fiskerettar, camping, annan turisme og utleigeverksemd er om lag like utbreidd i begge fylka og er om lag uendra frå 2005.




Figur 4.1 Tal jordbruksbedrifter med ulike tilleggsnæringar, i Aust- og Vest-Agder

Kjelde SSB (2005⁹ og 2010)

I Figur 4.2 kan vi sjå dei mest utbreidde tilleggsnæringane for Agder-fylka samanlikna med tal frå heile landet. Ein ser at leigekjøring er viktig i Agder, og her ligg Aust-Agder over landsgjennomsnittet. Det same kan ein seie om foredling av eigen skog, også her ligg begge Agder-fylka godt over landsgjennomsnittet. Utleige av jakt- og fiskerettar og utleige av driftsbygningar eller våningshus, er næringar der Agder-fylka ligg om lag på landsgjennomsnittet.

⁹ <http://www.ssb.no/lu/arkiv/tab-2006-06-12-01.html>



Figur 4.2 Prosentvis fordeling av ulike tilleggsnæringer i Agder-fylka samanlikna med tal for heile landet (SSB 2010)

4.3 Sysselsetting i tilleggsnæring

Ifølgje landbruksteljinga til SSB vart det for tilleggsnæringer i Aust- og Vest-Agder utført 328 000 arbeidstimar eller 178 årsverk i 2010. Dette er 21 fleire årsverk enn i 2005. Aust-Agder hadde 87 årsverk med tilleggsnæring. Når fylket ifølgje SSB har 499 jordbruksbedrifter som driv med tilleggsnæring, vert gjennomsnittleg arbeidstid på tilleggsnæring 323 timar ved kvar jordbruksbedrift. I Vest-Agder var det 167 000 arbeidstimar eller 91 årsverk i tilleggsnæring i 2010, som gjev 248 timar per jordbruksbedrift. Det er ein auke på tilleggsnæring i Aust-Agder og ein liten nedgang i Vest-Agder sidan undersøkinga i 2005.

Nyttar ein data frå NILFs driftsgranskningar (NILF, 2009), var arbeidsforbruket på tilleggsnæring per jordbruksbedrift 278 timar i 2009 i Aust-Agder. Det er ein nedgang på 19 timar sidan 2006. I Vest-Agder var tilsvarende tal 376 timar, ein auke på 9 timar. Totalt for fylket utgjer dette høvesvis 106 og 238 årsverk. Avviket mellom SSB sine tal og driftsgranskningane skuldast truleg ulik definisjon av tilleggsnæring og metode.

4.4 Verdiskaping i tilleggsnæring basert på driftsgranskningane

Vi har denne gangen valt å legge om metoden for utrekning av verdiskaping på tilleggsnæring. Ved utrekning av verdiskaping på tilleggsnæring i 2006, delte vi gardsbruka etter om dei var store eller små. Grensa som vart nytta var standard dekningsbidrag i jordbruket på kr 80 000. Tidlegare undersøking (Sjelmo 2006) viste at bruka med mindre standard dekningsbidrag enn 8 ESU, hadde eit driftsoverskot frå tilleggsnæring tilsvarende 67 prosent av det som driftsgranskingsbruka hadde, høvesvis kr 42 000 og kr 62 500 i snitt per bruk. Seinare studiar har vist at det er om lag like stor omsetning på tilleggsnæring også på mindre bruk (Knutsen et al., 2008). Vi har derfor

valt å leggje til grunn at driftsgranskingsbruka, som representerer 70 prosent av bruka i regionen med mest omsetning på jordbruk, også er representative for dei minste bruka med tanke på tilleggsnæring.

Det vore ein stor auke i verdiskapinga på tilleggsnæring i snitt på kvart bruk i begge Agder-fylka ifølgje driftsgranskningane. Gjennomsnittleg verdiskaping for tilleggsnæring basert på driftsgranskningane per bruk var kr 99 200 i Aust-Agder og kr 93 800 i Vest-Agder. Tilsvarende tal for 2006 var kr 56 300 og kr 39 300. Same kva metode vi nyttar har det vore stor auke i verdiskapinga i tilleggsnæring i Agder. Sidan utvalet er lite, har vi valt å sjå begge fylka under eitt når vi ser verdiskaping i dei ulike aktivitetane.

Tabell 4.1 Verdiskaping i tilleggsnæring fordelt på ulike aktivitetar i Agder-fylka for 2009

Aktivitet	Frekvens driftsgr.	Prosent av bruk	Nettoprodukt per bruk	Nettoprodukt Agder
Utleige	15	29	6 300	11 781 000
Leigekjøring	26	50	25 000	46 640 000
Foredling mat	5	10	9 900	18 522 000
Foredling skog	12	23	32 900	61 494 000
Utmark	25	48	18 100	33 907 000
Gardsturisme	2	4	1 800	3 415 000
Anna tenesteyting	4	8	2 300	4 351 000
Sum				180 110 000

Fordeling mellom fylka er 110 mill. kroner for Vest-Agder og 70 mill. kroner på Aust-Agder. Dette er ein auke frå 37 mill. i Vest-Agder og 23 mill. for Aust-Agder. Noko av dette skuldast metodeendring. Sjølv om vi ser bort frå metodeendringa, er verdiskapinga for tilleggsnæring dobla frå 2006 til 2009. Jordbruksbedriftene i driftsgranskningane er ikkje valde ut med tanke på å vere representative for tilleggsnæring, men utvalet som er gjort med basis i jordbruksproduksjon. Likevel gjev dei eit godt bilde av aktivitetane som er definert som tilleggsnæring. På grunn av at datamaterialet er lite, er resultatata for verdiskaping på tilleggsnæring usikre.

Foredling av skog gjev den høgaste verdiskapinga blant tilleggsnæringane i Agder. Vedproduksjon er dominerande i denne gruppa. Leigekjøring er det mest utbreidd blant tilleggsnæringane i Agder ifølgje driftsgranskningane, som det er på landsbasis.

Leigekjøring med eige utstyr for andre er registrert på om lag halvparten av bruka i Agder. Dette omfattar all kjøring for andre anten aktiviteten er registrert som eiga næring eller inngår i jordbruket i skatterekneskapen. Frekvensen av storleiken på desse aktivitetane varierer lite frå år til år. Noko av inntektene frå leigekjøring kjem som kostnader i jordbruket. Dette er tilfelle når kjøringa skjer for andre jordbruksbedrifter. Noko er oppdrag for verksemder utanom jordbruket.


Under samleomgrepet utmark er utleige av jakt- og fiske og andre aktivitetar som er basert på utmarksressursane. I tillegg kjem leigeinntekter frå mobilmaster og andre inn-grep frå storsamfunnet. Inntekter basert på utmarksressursane er registrert på mange av bruka i Agder.

5 Skogbruk

5.1 Verdiskaping

Skogbruket i Aust- og Vest-Agder er prega av gardsskogbruk der dei fleste gardsbruk har ein eller fleire tilhøyrande skogteigar. Produktivt skogareal i dei to fylka er høvesvis 3 255 885 daa og 2 420 148 (SSB¹⁰)


Avvirking i skogbruket svingar ein god del mellom år, og 2009 var eit svakt år for skogbruket med tanke på prisnivå og marknadsforhold. Det vart avvirka 239 227 m³ i Aust-Agder og 157 444 m³ i Vest-Agder (Skogeigarlaga). Uttak av virke og bruttoverdien for avvirking var høgare både i 2008 og i 2010 samanlikna med 2009 i begge fylka. I tillegg var det ein stor skogbrann i Mykland i 2008. Denne brannen medførte at tre firedelar av alt tømmer frå Froland vart nytta til energi, og dermed svært låg tømmerpris.



Figur 5.1 Gjennomsnittleg avvirking skog i 1 000 m³ Aust-Agder 2008–2010 samanlikna med 2009, kommunevis¹¹

¹⁰ http://www.ssb.no/emner/10/04/20/nos_d341/tab/tab-2.html

¹¹ http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilsid=selecttable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=skogav



Figur 5.2 Gjennomsnittleg avvirking skog i 1 000 m³ Vest-Agder 2008–2010 samanlikna med 2009, kommunevis¹²

Utrekninga av nettoprodukt er gjort på grunnlag av ulike kjelder. Avvirking av tømmer til sagbruk og industri er henta frå skogstatistikk hos skogeigarlaga i dei to fylka. Det same gjeld verdi av brutto omsetnad. Det aller meste av virket vert i dag teke ut av skogsentreprenørar, og det er rekna entrepriser på 90 % av alt virkesuttaket. Pris på uttak av virke er sett til kr 150 per m³ i samråd med Fylkesmannen i Aust-Agder (Kroken, pers med.). Ein tredel av denne kostnaden er oppgitt til å vere lønnskostnader. For det resterande uttaket er det nytta ein varekostnad på kr 69 per m³.

Uttak av virke til privat bruk og virke til ved er vanskeleg å kalkulere. Mykje vert tatt ut til privat bruk og ikkje registrert. Fram til og med 2005 hadde SSB¹³ statistikk på uttak av ved basert på skjønn for kvar kommune. Vi har valt å bruke eit gjennomsnitt for perioden 2001–2005 frå SSB då dette er funne å vere den beste kjelda for å gjere eit overslag for uttak av ved i fastkubikkmeter. Data for uttak av ved vil uansett vere usikkert. I denne verdiskapingsutrekninga er det berre verdi av ved fram til rundstokk som er rekna under skogbruket. Vidareforedling av rundstokk til ved er tatt med under tilleggsnæringar. Det same gjeld juletre og pyntegrønt, jakt og fiske og andre tenester knytt til skogen. Eventuell auke i ståande kubikkmasse (nettotilvekst) er ikkje teke omsyn til i denne utrekninga.

I tillegg til kostnader ved uttak av skogsvirke er det trekt frå nettokostnader til skogkultur og kostnader til veg. For å rekne ut kostnad til skogkultur er det nytta tal frå


¹² http://statbank.ssb.no/statistikbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=skogav

¹³ http://statbank.ssb.no/statistikbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selectvarval/define.asp&Tabellid=08979


Fylkesmannen i dei to fylka. Kostnader til veg er rekna ut frå total veglengde i kvar kommune, samt nettokostnader til ny veg. Det er rekna ein vedlikehaldskostnad på kr 5 per meter og år. Arbeidskostnadane er trekte frå.

Verdiskaping innan primærskogbruket er utrekna til 39,2 millionar kr for Aust-Agder og 27,2 millionar kr for Vest-Agder. Av kommunane i Aust-Agder er det Iveland som har høgast verdiskaping innan primærskogbruket med 6,3 mill. kr, følgt av Birkenes, Åmli og Vegårshei med høvesvis 5,1, 4,4 og 4,4 millionar kr. I Vest-Agder er Lindesnes med 4,2 og Marnardal med 3,6 millionar kr som har den høgaste verdiskapinga innan primærskogbruket.

Verdiskaping i andre sektorar med basis i råvarer frå skogbruket som til dømes treforedling, transport etc., er ikkje med i denne utgreiinga.



Figur 5.3 Verdiskaping i primærskogbruket i 2009, kommunar i Aust-Agder, mill. kroner



Figur 5.4 Verdiskaping i primærskogbruket i 2009, kommunar i Vest-Agder, mill. kroner

Dersom vi hadde nytta gjennomsnitt avvirking over 3 år frå 2008 til 2010 og avvirningskostnader i tråd med det, og elles nytta dei same parametraner som er med for 2009, ville vi fått eit noko anna bilde med tanke på verdiskaping. Dessutan har vi lagt inn normalpris på tømmer frå Froland. Verdiskapinga i primærskogbruket i Aust-Agder ville då ha vore 52 millionar og Vest-Agder 31 millionar kroner. Rangeringa mellom kommunane ville også endre seg. I Aust-Agder ville Birkenes hatt høgast verdiskaping med 7,8 mill., Åmli med 6,3 mill., Vegårdshei med 5,9 mill., og Froland med 5,8 mill. kroner. I Vest-Agder ville Marnardal hatt høgast verdiskaping i primærskogbruket med 4,4 mill. følgd av Lindesnes med 3 millionar og Vennesla med 2,8 millionar kroner.


5.2 Sysselsetting i skogbruket

Hogstmaskinene er effektive, og tek store mengder tømmer fram til velteplass på kort tid. Vi har rekna med at ein person klarer 21 m³ i timen. Hogstmaskinene i dag tek ut rundt 90 % av volumet. På det resterande volumet har vi rekna eit uttak på 0,8 m³ per persontime. Den same timebruken er rekna på uttak av rundstokk til ved. Det er rekna uttak på tradisjonell måte med motorsag, traktor og vinsj. Det er då føresett uttak av rundstokk fram til velteplass med 5,5 m³ pr dag a 7 timar (0,8 m³ i timen). Arbeid med skogplanting er rekna til 1,39 timar pr dekar. For andre aktivitetar innan skogkultur er det rekna at 90 % av kostnaden er arbeidskostnader. Ein tredel av vegvedlikehald er rekna som arbeidskostnad. Timebruk til skogkultur og vegar er samla arbeidskostnad og ein timepris på kr 180.


Sysselsetting i samband med foredling av virke på bruket til dømes til ved er rekna som tilleggssnøring. Det same gjeld juletre, pyntegrønt, jakt og fiske og turisme basert på skogressursane.

Samla sysselsetting i primærskogbruket med bakgrunn i dei gjevne føresetnadene vert 98 årsverk i Aust-Agder og 74 årsverk i Vest-Agder. Med unnatak av Bykle, har alle Agder-kommunane over eit årsverk sysselsett i primærskogbruket.

Froland har størst sysselsetting i primærskogbruket i Aust-Agder med 16 årsverk, fulgt av Birkenes med 13 årsverk. Ni av 15 kommunar i Aust-Agder hadde meir enn 5 årsverk. I Vest-Agder hadde Marnardal størst sysselsetting med 11 årsverk, deretter følgde Lindesnes med 9 årsverk og Lyngdal med 7 årsverk.



Figur 5.5 Sysselsetting i primærskogbruket, kommunar i Aust-Agder, årsverk



Figur 5.6 Sysselsetting i primærskogbruket, kommunar i Vest-Agder, årsverk

6 Ringverknader og fellesgode

6.1 Ringverknader

I tillegg til verdiskaping og sysselsetting i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar, kjem ringverknader av næringsaktivitet i landbruket for andre næringar. Det kan vere transport av varer til og frå jordbruksbedrifter, foredling av jordbruksråvarer og sal av tenester etc.

Eit uttrykk for ringverknadene for ein sektor kan ein få ved å rekne ut multiplikatorar (Romarheim 2003). Sysselsettingsmultiplikatoren for ein basisproduksjon måler endringa i total sysselsetting i eit område som følgjer av at ein endrar sysselsettinga i basisproduksjon med ei eining.

Inntektsmultiplikatoren for ein basisproduksjon måler endringa i total inntekt i eit område som følgjer når ein endrar inntekta til basisproduksjonen med ei eining. Ein metode for utrekning av multiplikatorar er å gjennomføre ein kryssløpsanalyse for å klarlegge samband mellom ulike næringar i eit område og på kva måte dei er avhengige av kvarandre (Romarheim 2003). Ein slik analyse er svært ressurskrevjande, og det er ikkje gjort eigne studiar av ringverknader i dette prosjektet. Vi nyttar derfor multiplikatorar frå tidligare studiar. Det er ein tendens til at kommunar med lite variert næringsliv og få tilsette i tertiærnæringane også har lågast multiplikator. Dette må ein ta omsyn til ved tolking av resultatata.

I ein studie av sysselsetting og inntekt i Alstadhaug kommune (Romarheim 2003) er sysselsettingsmultiplikatoren sett til 1,6 for primærnæringane. I ein studie frå Østfold og Akershus (Aanesland og Holm 2005) varierte sysselsettingsmultiplikatoren frå 1,5 til 1,8 mellom ulike kommunar. I ein seinare studie har ein kome fram til ein sysselsettingsmultiplikator på 2,5 for landbruket i Trøndelag (Kjesbu, Sand og Sjelmo 2009). Utan ein eigen studie av ringverknadene, må ein ta omsyn til at utrekninga er basert på multiplikatorar frå andre område. Ringverknadene vil mellom anna vere avhengige av storleiken på det området ein analyserer. I utrekninga under har vi vist ringverknadene basert på multiplikator i intervallet 1,6–2,5. Tala må tolkast som svært usikre prognosar.

Samla sett har vi berekna sysselsettinga i jordbruket i Aust-Agder til å vere om lag 622 årsverk og i Vest-Agder om lag 996 årsverk. I tilleggsnæringane har vi berekna 106 årsverk i Aust-Agder og 238 årsverk i Vest-Agder. Skogbruket står for 98 årsverk i Aust-Agder og 74 årsverk i Vest-Agder.

For jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar vil ringverknadene vere i intervallet 496–1 239 årsverk for Aust-Agder og i intervallet 783–1 958 årsverk for Vest-Agder.

Tabell 6.1 Ringverknad for sysselsetting, multiplikator i intervallet 1,6–2,5

Sysselsetting, årsverk	Aust Agder	Vest-Agder
Jordbruk	622	996
Tilleggsnæring	106	238
Skogbruk	98	71
<i>Sum sysselsetting landbruk</i>	<i>826</i>	<i>1 305</i>
Sysselsetting inkl ringverknad, multiplikator 1,6	1 322	2 088
Sysselsetting inkl ringverknad, multiplikator 2,5	2 065	3 263
Ringverknad ved multiplikator 1,6	496	783
Ringverknad ved multiplikator 2,5	1 239	1 958

Lajord (1991) fann at inntektsmultiplikatoren vanlegvis ligg ca. 0,2 einingar høgare enn sysselsettingsindikatoren. Inntektsmultiplikatoren er i studien frå Alstadhaug kommune sett til 1,8 for primærnæringane. Om ein legg til grunn at inntektsmultiplikatoren ligg 0,2 einingar høgare enn sysselsettingsmultiplikatoren, vert intervallet 1,8–2,7 ut frå dei to tidlegare undersøkingane. Inntektsverknaden av landbruket i Aust-Agder vert då i intervallet 201–428 mill. kroner og i Vest-Agder i intervallet 283–601 mill. kroner.

Tabell 6.2 Inntektsverknad, multiplikator i intervallet 1,6–2,5

Verdiskaping, mill. kr	Aust Agder	Vest-Agder
Jordbruk	143	216
Tilleggsnæring	70	110
Skogbruk	39	27
<i>Sum verdiskaping landbruk</i>	<i>252</i>	<i>353</i>
Inntektsverknad inkl. ringverknad, multiplikator 1,8	453	636
Inntektsverknad inkl. ringverknad, multiplikator 2,7	680	954
Ringverknad ved multiplikator 1,8	201	283
Ringverknad ved multiplikator 2,7	428	601

6.2 Fellesgode

I dei utførde berekningane er det talfesta kor stor verdiskapinga er i kr, og kor stor sysselsettinga er i form av årsverk som er knytt til jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring i Aust- og Vest-Agder.

I tillegg til dei målte storleikane, skaper landbruksaktivitet andre produkt som samfunnet etterspør. Slike produkt kan vere fellesgode i form av kultur, miljø, historie, kulturlandskap, biologisk mangfald og opplevingar.

Vi har registrert landbruksaktivitet i alle kommunar i dei to fylka. Det er sjølvsagt stor variasjon i produksjon og omfang, likevel er landbruket viktig på mange område. Landbruket er også viktig for å oppretthalde busetnad i mange bygder, og derfor ein viktig faktor for å oppretthalde infrastruktur og tenestetilbod i mange bygdesamfunn.

Eit fellesgode er kjenneteikna ved at ein konsument sitt forbruk av godet ikkje reduserer høvet til ein annan konsument til å forbruke det same godet. Eit fellesgode vil heller ikkje vere utilgjengeleg for ein konsument som ikkje har betalt for godet. I økonomisk teori seier ein at eit fellesgode er ikkje-ekskluderbart og ikkje-rivaliserande. Dette gjer at ein uregulert marknad er lite eigna for produksjon av slike fellesgode, då konsumentane ikkje møter ein marknadspris på same måte som med andre varer og

tenester. Det blir dermed ofte eit offentleg ansvar å forsyne samfunnet med slike gode, gitt at det er ein faktisk etterspurnad. Den faktiske etterspurnaden etter eit slikt fellesgode kan vere vanskeleg å kvantifisere på grunn av at kvart enkelt individ kan nytte seg av gode utan å måtte betale for det.

Ein ser på landbruket som ein viktig produsent av slike fellesgode. Det er ein klar trend innanfor OECD-området at landbruket si multifunksjonelle rolle, som ein produsent av fellesgode, er blitt meir akseptert. Støtte til landbruket er enten inntektsstøtte eller betaling for fellesgode. I norsk landbrukspolitik er det lagt vekt på fellesgode. I berekningane i dette prosjektet er alle tilskot rekna med i verdiskapinga. I den grad tilskot kan reknast som betaling for fellesgode, er dette teke med i berekning av verdiskaping.

7 Oppsummering

I 2008 vart verdiskapinga i jordbruket basert på økonomidata frå 2006, rekna til å vere 135 mill. kr i Aust-Agder og 197 mill. kr i Vest-Agder. Frå 2006 til 2009 er det samla jordbruksarealet i Agder redusert med 1951 dekar og tal bruk som søker produksjonstilskot har gått frå 1 910 til 1 869. Med unntak av kjøtproduksjon med ammeku og slaktekyllingproduksjon, er også produksjonsomfanget redusert.

Ikkje alle bruk mottek produksjonstilskot. Tal frå SSB viser ein nedgang på 88 jordbruksbedrifter frå 2006 til 2009, medan talet bruk som søkte produksjonstilskot gjekk ned med 41 i same periode. Del jordbruksbedrifter som mottek tilskot er derfor auka frå 95,6 prosent i 2006 til 97,1 i 2009. Ved berekning av verdiskaping frå jordbruket basert på data frå 2009 er derfor ein større del av jordbruksbedriftene omfatta av berekningane.

Verdiskapingsberekningane er basert på produksjonsdata henta frå produksjonstilskotsregisteret og økonomidata frå driftsgranskingane. Verdiskapinga frå jordbruket vil derfor både verte påverka av produksjonsomfanget i kvar enkelt kommune og av det økonomiske resultatet for jordbruket det året som er utgangspunkt for berekningane. I 2006 oppnådde bruka i Agder eit relativt dårleg økonomisk resultat samanlikna både med 2005 og åra 2007–2009. Dette må ein ta omsyn til ved samanlikning av verdiskaping frå jordbruket for 2006 og 2009.

Sjølv om produksjonsomfanget i jordbruket i Agder har gått ned frå 2006 til 2009, gjer betra økonomisk resultat i 2009 at verdiskapinga har auka. For 2009 er den totale verdiskapinga for Agder berekna til 358,7 mill. kr, ein auke på 27 mill. kr frå 2006. For Aust-Agder har verdiskapinga auka med 7,4 mill. kr til 142,5 mill. kr, og for Vest-Agder med 19,6 mill. kr til 216,2 mill. kr. Størst verdiskaping var det i Grimstad med 56,6 mill. kr og Farsund med 34,7 mill. kr.

Mjølkeproduksjon er den produksjonen som står for størst verdiskaping i Agder-jordbruket, med 46 prosent av verdiskapinga. Deretter kjem hagebruk med 21 prosent og sauehald med 14 prosent. Kraftfòrkvjande produksjonar er små i Agder, og bidreg verre med 8 prosent av verdiskapinga i 2009.

Arbeidsforbruket i jordbruket gjekk ned med 369 årsverk frå 2006 til 2009, og var på 1 618 årsverk. Det svarar til eit arbeidsforbruk på 3 mill. timar. Også når det gjeld arbeidsinnsats er det mjølkeproduksjon som er viktigast i begge fylka med 191 årsverk i Aust-Agder og 471 årsverk i Vest-Agder. I Aust-Agder er det om lag like mange årsverk i hagebruket som i mjølkeproduksjon, 185 årsverk. Deretter kjem sauehald med 149 årsverk. I Vest-Agder er sauehaldet nest størst, med 258 årsverk.

Landbruksteljinga viser at bruka i Agder har noko meir tilleggsnæring enn landsgjennomsnittet. Det fins ikkje sikre data for omfang av tilleggsnæring. I tillegg er bruka i driftsgranskingane valt ut for å vere representative for jordbruket. Det er derfor knytt større usikkerhet både til omfang og økonomiske data for tilleggsnæring enn for jordbruket.

Verdiskaping frå tilleggsnæring er berekna til 70 mill. kr for Aust-Agder og 110 mill. kr for Vest-Agder. For 2006 vart verdiskapinga frå tilleggsnæring berekna til 23 mill. kr for Aust-Agder og 37 mill. kr for Vest-Agder. Noko av endringa skuldast endring i metode for berekning. Foredling av skog gjev høgast verdiskaping blant tilleggsnæringane i Agder, medan leigekjøring er mest utbreidd.

Litteratur

- Kjesbu, E., R. Sand, O. Sjelmo. 2009. *Landbrukets økonomiske betydning i Trøndelag*. NILF-rapport 2009–3. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Knutsen, H., A. Olsen, S.K. Rye, O. Sjelmo, A. Spissøy og K. Stokke 2008. *Næringsaktivitet på ulike typer landbrukseiendommer*. NILF-notat 2008–25. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Lajord, A. 1991. *Jordbruket i distriktsøkonomisk sammenheng. Regionaløkonomisk analyse av produksjon, sysselsetjing, inntekter og busetjing*. Norsk landbruksforskning. Supplement nr 11:1991. Statens fagtjeneste for landbruket.
- Lyng, A. M., T. Haukås og R. Ommedal, 2008. *Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder*. NILF-notat 2008–11. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- NILF, 2010. *Driftsgranskingar i jord- og skogbruk. Rekneskapsresultat 2009*. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Romarheim, H. 2003. *Vurdering av sysselsetting og inntekt i Alstahaug kommune – med særleg vekt på primærnæringane*. NILF-notat 2003–11. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Sjelmo, O., K. Stokke, S.K.P. Rye, B.V. Øyen, T. Hunstad, E. Kjesbu 2006. *Forprosjekt tilleggsnæringer – en avklaring av driftsgranskingenes representativitet for mindre bruk*. NILF-notat 2006–10. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- SLF. 2011. PT-910 *Jordbruksareal i drift og antall søkere pr. 31.7*.
<http://32.247.61.17/skf/PT910/091010/PT910F00.HTM>. Sett 24.10.2011
- Statistisk sentralbyrå. 2011. *Begreper i nasjonalregnskapet*.
<http://www.ssb.no/emner/09/01/begreper/>. Sett 24.10.2011
- SSB 2011b *Tal jordbruksbedrifter*.
http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tilside=selecttable/hovedtabellHjem.asp&KortnavnWeb=stjord.
Sett 24.10.2011
- SSB. 2011c. *Jordbruksareal per jordbruksbedrift, etter fylke*.
<http://www.ssb.no/emner/10/04/10/stjord/tab-2011-07-04-02.html>.
Sett 24.10.2011
- Aanesland, N. og Holm, O. 2005. *Landbrukets betydning for sysselsetting og inntekt i Akershus og Østfold*. Rapport nr 28. Universitetet for miljø og biovitenskap, Ås.

Tidlegare utgitt i denne serien – 2010

- 2010–1 Begrensede konsekvenser av fjørfedirektivet – Utredning av konsekvenser av EUs fjørfedirektiv. Lars Øystein Eriksen, Ivar Pettersen, 31 s.
- 2010–4 Økonomien i landbruket i Trøndelag. Utviklingstrekk 1999–2008. Tabellsamling 2004–2008. Kjell Staven, Helge Bonesmo, Liv Grethe Frislid, Svein Olav Holien, Kristin Stokke Folstad, Siv Karin Paulsen Rye, 100 s.
- 2010–5 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge. Driftsgranskingene i jord- og skogbruk 2008. Aktuelle artikler og tabellsamling 2004–2008. Øyvind Hansen, Ole Kristian Stornes, 93 s.
- 2010–6 Melding om årsveksten 2009. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbo, Oddmund Hjukse, 16 s.
- 2010–7 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 1999–2008. Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, Heidi Knutsen, 86 s.
- 2010–8 Økonomien i landbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2004–2008. Tabellsamling 2004–2008. Terje Haug, 95 s.
- 2010–9 Gårdsvarmeanlegg basert på bioenergi – økonomi og erfaringer. Undersøkelse blant fem gårdsvarmeanlegg. Liv Grethe Frislid, Knut Krokann, 30 s.
- 2010–10 Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008
Torbjørn Haukås, Lars Ragnar Solberg, 66 s.
- 2010–11 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2008. Trendar og økonomisk utvikling 1999–2008.
Tabellsamling 2004–2008. Heidi Knutsen, Irene Grønningsæter, Anastasia Olsen, 87 s.
- 2010–12 Importvern for norsk jordbruk. Status og utviklingstrekk. Klaus Mittenzwei, Mads Svennerud, 29 s.
- 2010–13 Næringsfiske i ferskvann. Lønnsomhet og suksessfaktorer ved fiske, foredling og markedsføring av ferskvannsfisk. Siv Karin Paulsen Rye, Knut Krokann, 50 s.
- 2010–14 Produktivitetsutvikling i norsk jordbruk 1990–2009. Analyse basert på jordbrukets totalrekneskap. Agnar Hegrenes, 33 s.
- 2010–15 WTO og subsidier. Regelverk og tvisteløsning på landbruksområdet. Frode Veggeland, 41 s.
- 2010–16 Dekningsbidragskalkyler. Nord-Norge 2010/2011. Ole Kristian Stornes, 45 s.
- 2010–17 Kartlegging av markedssituasjonen for reinkjøtt. Gro Steine, Kjersti Nordskog, Johanne Kjuus, 27 s.
- 2010–18 Økonomien på store mjølkebruk. En undersøkelse av økonomien på bruk med 30–70 årskyr for regnskapsåra 2006–2008. Knut Krokann, 54 s.
- 2010–19 En analyse av investeringer i landbruket. Er man lykkelig som stor når man kunne vært liten? Lars Ragnar Solberg, 39 s.

Tidligere utgitt i denne serien – 2011

- 2011–1 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge. Driftsgranskingene i jord- og skogbruk 2009 – Aktuelle artikler og tabellsamling 2005–2009. Øyvind Hansen, Ole Kristian Stornes, 81 s.
- 2011–2 Beregning av det norske kjøttforbruket. Mads Svennerud, Gro Steine, 18 s.
- 2011–3 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 86 s.
- 2011–4 Økonomien i landbruket i Trøndelag. Utviklingstrekk 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Kjell Staven, Otto Sjelmo, Knut Krokann, Helge Bonesmo, Svein Olav Holien, Siv Karin Paulsen Rye, Liv Grethe Berge Frislid, Inger Sofie Murvold Knutsen, 16 s.
- 2011–5 Melding om årsveksten 2010. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbo, Oddmund Hjukse, 16 s.
- 2011–6 Gårdsbasert entreprenørskap : en kvalitativ studie av muligheter, motiver og ressurser for entreprenørskap i landbruket. Asbjørn Veidal, 55 s.
- 2011–7 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2009. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Lars Ragnar Solberg, Heidi Knutsen, Anastasia Olsen, 87 s.
- 2011–9 Økonomien i jordbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2005–2009. Tabellsamling 2005–2009. Terje Haug, 97 s.
- 2011–10 Konsekvenser i Rogaland av mulige endringer av gjødselvereforskrift. Heidi Knutsen, Aart van Zanten Magnussen, 57 s.
- 2011–11 Klimatiltak i landbruket – En gjennomgang av tiltak i Klimakur 2020. Ellen Henrikke Aalerud, Valborg Kvakkestad, 41 s.
- 2011–12 Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008. Lars Ragnar Solberg, Liv Grete Frislid, 48 s.
- 2011–13 Tid for satsing på landbruk i Afrika. Ellen Henrikke Aalerud, Anna Birgitte Milford, 29 s.
- 2011–15 Rensekostnader ved innføring av miljøvennlige spredningsmetoder for husdyrgjødsel. Julie Nævik Hval, Knut Krokann, 30 s.

ADRESSE HOVEDKONTOR

Postadresse:	Kontoradresse:	Telefon: 22 36 72 00
Postboks 8024 Dep	Storgata 2 4 6	Telefaks: 22 36 72 99
0030 OSLO		E-post: postmottak@nilf.no
		Internett: www.nilf.no

ADRESSE DISTRIKTSKONTORER

Bergen	Postadresse:	Postboks 7317, 5020 BERGEN
	Telefon:	55 57 24 97
	Telefaks:	55 57 24 96
	E-post:	postmottak@nilf-ho.no
Trondheim	Postadresse:	Postboks 4718 – Sluppen, 7468 TRONDHEIM
	Telefon:	73 19 94 10
	Telefaks:	73 19 94 11
	E-post:	postmottak@nilf.fmst.no
Bodø	Postadresse:	Statens hus, Moloveien 10, 8002 BODØ
	Telefon:	75 53 15 40
	Telefaks:	75 53 15 49
	E-post:	postmottak@nilf-nn.no

ISBN 978-82-7077-812-6
ISSN 0805-9691

